



Notat

Dato: 17.09.2018
Arkivsak: 2014/17239-4
Saksbehandlar: mattorg

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Finansiering av bompengeprosjekt - Svar på oversendingsforslag frå Roald Kvamme (A)

Bakgrunn

I møte i fylkesutvalet 30.8.2018, under handsaminga av sak PS 116/18 «Rapport frå Ferde AS» til eigarane, sette Roald Kvamme(A) på vegner av A fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Finansiering av bomprojekter.

I den utsendte meldinga om Ferde vert det omtalt fleire utfordringar som selskapet har. Mellom anna skal selskapet finansiera mellom 50-60 milliardar til bompengeprosjekter. Dette omfanget skapar utfordringar for kvar selskapet kan låna pengar og om det er mulig for norske bankar å gje så store lån til ein kunde.

«Ferde har en betydelig låneportefølje. Ferde vurderer nå om det er aktuelt å refinansiere enkelte prosjekt for å oppnå bedre lånevilkår. Eitt problem i denne sammenhengen er at enkelte banker har utlånsbegrensninger i forhold til hvor mye ein enkeltkunde kan låne.

Det skal utarbeidast eit finansreglement for Ferde.

Fylkesutvalet ber om at det vert lagt fram ei sak der ein får gjort greie for dei utfordringane selskapet har i høve til finansiering av låneportefølje og kva dette inneber for fylkeskommunane sitt garantiansvar for lån og andre sider ved drifta av Ferde.»».

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstilleren utan realitetsbehandling.

Vedtak i fylkestinget om statleg garantiansvar

Under handsaminga av sak 109/17 «*Handlingsprogram 2018-23 (2029) til Nasjonal transportplan – Høyiringsfråsegn*» gjorde fylkestinget m.a. slikt vedtak 12. desember 2017:

Fylkestinget vil peika på den aukande bruken av bompengefinansiering på nye riks- og fylkesvegprosjekter og fylkeskommunen sitt ansvar for å stilla naudsynte garantiar for finansiering av bompengelån. Med dei planar som ligg føre i denne og neste planperiode har garantiansvaret fått eit omfang som fylkeskommunen ikkje lenger kan bera ansvaret for. Fylkestinget vil oppmora om at ansvaret for bompengefinansiering av riksvegar vert å overførা til staten.

Vedtak i Stortinget om garantiansvar for riksvegprosjekt

Stortinget handsama i Innst. 268S 2017-18) eit representantframlegg frå stortingsrepresentantane Ivar Odnes, Geir Pollestad, Kari Anne Bøkestad Andreassen og Sigbjørn Gjelsvik om mindre bompengar gjennom statleg overtaking av garanti på bompengelån. Stortinget gjorde slikt vedtak i sak 11 15. mai 2018:

«Stortinget ber regjeringen vurdere om det er hensiktsmessig at fylkeskommunene fortsatt skal stille garanti for bompengelån på riksveg, og komme tilbake til Stortinget på egen måte.»

Verdien av fylkeskommunale garantiar

Bompengefinansiering av vegprosjekt skal ha ei lokal forankring gjennom prinsippvedtak i kommunar og fylkeskommunar. Ordninga med å stille fylkeskommunale garantiar for bompengelån har vore ein langvarig praksis både for fylkes- og riksvegprosjekter, både for å gje legitimitet til den norske bompengemodellen, men også for å oppnå så gunstige lånevilkår som mogleg. Ordninga med fylkeskommunale og kommunale garantiar for bompengelån er omtala i kapittel 1.7 i handbok V718 «Bompengeprosjekter»¹

Alle bompengeprosjekta i Hordaland har fylkeskommunal garanti. For Jondalstunnelen ligg det også føre kommunale garantiar, gjeve av kommunane Kvam, Jondal og Odda. Offentlege garantiar gjennom sjølvskuldtnarganti gjev eit «kvalitetsstempel» på gjelda, noko som inneber at långjevar får lågare risiko og låntakar (Ferde) får større tilgang på lån gjennom fleire långjevarar og betre lånevilkår enn selskapet elles ville ha fått. Bankane ratar låntakarane etter eigne ratingmodellar som kan samanliknast med kreditratingbyråa sine ratingmodellar² der AAA er høgaste rating (mest kreditverdig). Med offentleg sjølvskuldtnargaranti kan ein rekne Ferde som høgst kreditverdig. Eit reknedøme frå Ferde syner, under gitte føresetnader, at skilnaden i rentekostnader på eit lån på 15. mrd. kr for ei bedrift som er AA rata i høve til AAA rata, kan ha ein noverdi på omlag 500 mill. kr. Dette kan ein sjå på som den implisitte verdien av at det vert gjeve offentlege garantiar.

Bompengelån

Ferde tar opp lån som finansierer Statens vegvesen og Nye Veier AS sine bompengeprosjekt. Nye veier AS har per i dag ingen prosjekt i Hordaland. For kvart bompengeprosjekt vert det inngått ei finansieringsavtale og ei prosjektavtale med Statens vegvesen eller Nye veier AS. Midlar til prosjekta vert rekviserte basert på ein rekvisisjonsplan og låna vert nedbetalte med bompengar som Ferde krev inn for dei respektive prosjekta.

Ferde finansierer per i dag 23 prosjekt i dei fem fylkeskommunane på Vestlandet og Sørlandet. Gjelda er på omlag 13 mrd.kr. og dei årlege bompengeinntektene er på omlag 2,8 mrd. kr.

Det er planlagt mange nye bompengeprosjekt i regionen, noko som kan gje eit framtidig lånebehov på over 50 mrd. kr. Ferde vert derfor ein stor finansiell aktør. I rapporten til eigarane skreiv Ferde:

«Ferde har en betydelig låneportefølje. Ferde vurderer nå om det er aktuelt å refinansiere enkelte prosjekt for å oppnå bedre lånevilkår. Ett problem i denne sammenhengen er at enkelte banker har utlånsbegrensninger i forhold til hvor mye en enkeltkunde kan låne.»

Selskapet opplyser likevel at det ikkje er noko stort problem at enkelte bankar har grenser for kor mykje banken kan låna ut til ein aktør. Ferde nyttar ulike løysingar i marknaden som:

- Banklån i vanlege bankar (DnB, Nordea, Danske bank osv.).
- Banklån i spesialbankar (Kommunalbanken, Nordic Investment bank osv.).

¹ Sjå: https://www.vegvesen.no/_attachment/61429/binary/964069

² Sjå: https://www.standardandpoors.com/en_US/web/guest/article/-/view/sourceld/504352

- Lån hjå livselskap (KLP, Nordea Liv etc.)
- Sertifikatlån (kapitalmarknadsfinansiering under 12 månadar).
- Obligasjonslån (kapitalmarknadsfinansiering over 12 månadar).

Ferde vil også sjå på om det kan bli mogleg med ei ordning med internbank for finansiering av deler av prosjekta.

Status for Hordaland fylkeskommune sitt garantiansvar

Hordaland fylkeskommune har gitt følgjande garantiar i Hordaland:

(alle tal i heile 1000)

Garanti gitt til	Vedtekne garantibeløp	Lånesaldo 2018	Garantien går ut
Fastlandssamband Halsnøy	130 000	126 310	2023
Austevoll Bruselskap	100 000	85 544	2022
Hardangerbrua	1 430 000	1 430 000	2029
Jondalstunnelen	50 000	39 600	2024
Voss og omland bompengeselskap	610 000	510 000	2030
Kvam bompengeselskap	370 000	300 000	2030
Børmlø Vegselskap	867 000	600 000	2042
Bergen bompengeselskap	6 100 000	5 270 000	2037
Askøy Bompengeselskap	1 230 000	0	2030
Bergen-Os Bompengeselskap	3 770 000	2 400 000	2038
Ferde AS	10 000	7 311	2019
Ferde AS	22 000	73 125	2027
Sotrasambandet (Ferde AS)	2 700 000	0	2040
Nordhordlandspakken	750 000	0	2032
Stordalstunnelen	160 000	160 000	2026
Årsnes ferjekai	16 000	16 000	2026
Totalt garantibeløp / lånesaldo	18 315 000	11 017 890	

Hordaland fylkeskommune har følgjeleg gitt garantiar for i alt over 18 mrd. kr. med ein lånesaldo p.t. på om lag 11 mrd. kr.

Risiko ved å gje fylkeskommunale garantiar til Ferde

Om økonomien i eit prosjekt blir svakare enn rekna med, kan bompengeselskapet etter avtale med Vegdirektoratet auka takstane med inntil 20 pst. ut over prisstigninga og/eller forlenga innkrevningsperioden med inntil 5 år. I bompengepakker og i ein del bompengeprosjekt er det mogleg å redusera utbyggingsomfanget om inntektene skulle svikta. Det er også mogleg å fremja eit revidert bompengeopplegg for Stortinget. På landsbasis har det vore slik at bompengeprosjekt i snitt vert nedbetalte 2 år før tida.

I ein del av Ferde sine bomstasjonar har talet på elbilpasseringar auka svært mykje dei siste åra. Stortinget har, gjennom handsaminga av Prop. 87 (2017-2018) 14. mai 2018, vedteke at fritaksordninga for nullutsleppskøyretøy fell vekk, med innføring av takst på mellom 0 og 50 prosent av ordinære takstar i eksisterande prosjekt der det ligg føre lokalpolitiske vedtak om det. Eventuelle bompengeinntekter frå elbil minskar risiko for inntektssvikt, og gjer ein meir føreseieleg inntektsstruktur for selskapet.

Staten vil kunne ha incitament til å støtta økonomisk bompengeprosjekt som har sviktande økonomi, fordi misleghald av lån kan få store negative samfunnsøkonomiske konsekvensar. Det kan forventas at eit eventuelt misleghald gir auka finansieringskostnader for alle bompengeprosjekt nasjonalt.

Ut frå dei nemnte avbøtande tiltaka ovanfor, meiner fylkesrådmannen at det er låg risiko for at ein fylkeskommune må tre inn i garantiansvaret for bompengeprosjekt i bomregion sørvest. Etter det fylkesrådmannen får opplyst hjå Vegdirektoratet, er eit fylkeskommunalt garantiansvar aldri blitt utløyst for bompengeprosjekt i Noreg.

Det er likevel grunn til å peike på at samferdselsprosjekta er blitt større, og det er usikkerheit om trafikkgrunngrunnlaget for ein rekke nye, store og dyre prosjekt. Særleg har dette vore tema knytt til E39 Rogfast, men er også aktualisert i Hordaland knytt til omfattande og store prosjekt som ligg inne i siste del av Nasjonal Transportplan 2018-33 i Hordaland. Fylkesrådmannen registrerer at Stortinget har bedt Regjeringa om å kome attende til spørsmålet om fylkeskommunale garantiar for riksvegprosjekt, og vil avvente vidare handsaming av denne saka.